



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seniorrådgivar Leif Magnus Sættem, 71 25 84 32

201307468-19

312

KSK /RMO

Vår dato

12.09.2017

Dykkar dato

02.06.2017

Vår ref.

2017/3680/LESA/561

Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vestnes kommune - Fråsegn til søknad om å bygge Urdelva kraftverk

Vi viser til brev 02.06.2017.

Brevet gjeld høyring på Norsk Vannkraft AS sin søknad om å bygge ut Urdelva kraftverk.
Vår frist for fråsegn er 08.09.2017, viser til kontakt med Rune Moe, NVE.

Vi viser til notat 06.09.2017.

Etter ei samla vurdering har Fylkesmannen i Møre og Romsdal følgjande konklusjon:

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til utbygging av Urdelva kraftverk.

Motsegna er tufta på omsyn til anadrome fiskeartar i vassdraget, med spesiell vekt på sjøaure. Motsegna trekk òg fram samla verknad av kraftreguleringar i fleire vassdrag i området over ein kort tidsperiode.

Vi vil vurderer å ikkje gå imot eit endra alternativ der kraftstasjonen vert flytta til Urdelva, oppstraums dei nedre prioriterte vassdragsavsnitta for oppvandring og produksjon av anadrome fiskeartar.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Notat 01.09.2017

Kopi med vedlegg:

Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM
Vestnes kommune Rådhuset 6390 VESTNES


Fylkesmannen i Møre og Romsdal – NOTAT 06.09.2017

Fråsegn til søknad om å bygge Urdelva kraftverk, Vestnes kommune.

Generelt

Vi viser til brev 02.06.2017 om å kome med fråsegn til søknad om småkraftverk i Urdelva, Vestnes kommune. Urdelva er eit sidenedbørsfelt i Tressavassdraget. Elva renn saman med Dalselva før utløp i Tressa. Urdelva er ikkje tidlegare påverka av kraftutbygging. Elva er førbygd i nedre del mot samløp Dalselva.

Omsøkt kraftverk ligg i eit område/region med fleire tidlegare utbyggingar. Innanfor ein periode på få år er Øvstedalen kraftverk, Misfjord kraftverk og Sesselva kraftverk, alle i Vestnes kommune, realisert. Fylkesmannen gav uttrykk for verdfulle landskaps- og naturkvalitetar i sine fråsegner til alle dei tre og fann dei vel verdt å ta vare på. Likevel, konsesjon vart gjeve og dei opphaveleg kvalitetane i desse vassdraga er i dag reduserte. Slik vi ser det, og som vi òg er blitt bedne om å vurdere, er det viktig å trekke fram og peike på desse tre i samband med planane for Urdelva kraftverk. I figur 1 over Tresfjorden- og Vestnesområdet er dei tre realiserte kraftverk teikna inn saman med Urdelva kraftverk.



Figur 1. Omsøkte kraftverk (rød farge) sett i forhold til andre liknande anlegg i Vestnes kommune. Oversiktskartet frå NVE si heimeside.

Dokumentasjon av prosjektet

Naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen knytt til terrestriske kvalitetar er etter Fylkesmannen si vurdering stort sett tilfredsstillande sett i lys av krav til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi saknar utgreiing av vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for uttale om denne delen av det biologiske mangfaldet.

Ferskvassøkologiske granskinger er lett sårbare og mangelfulle på dette punkt. Kan hende skuldast det at dei økonomiske føresetnadene ikkje er til stades for å gjennomføre fullverdige granskinger. Spesielt gjeld dette omsynet til virvellause, akvatiske dyr. Klassisk og generell økologisk kunnskap tilseier at mangfaldet av liv i denne typen ferskvasslokalitetar det her er snakk om, i alt vesentleg er insekt som t.d. artar av stein-, døgn- og vårfuer samt ein rekke artar av fjørmygg. Å skulle vurdere til fulle biologiske og økologiske effektar av nye kraftverk med reduserte vassmengder og ulike driftsregimer, let seg ikkje gjere utan kunnskap om desse gruppene.

Dei ferskvassøkologiske konsekvensane av reguleringar er som regel vurdert ut frå tilhøva for fisk, og då spesielt anadrome fiskeartar som laks og sjøaure. I sakspapira knytt til Urdelva kraftverk finn vi eigen fiskeribiologisk rapport som tek mål av seg å skildre tilhøva i den anadrome delen av Urdelva og i Dalselva i området der Urdelva kjem inn. Denne granskingsa inneheld verdfull dokumentasjon og vurdering av effektane av omsøkte kraftregulering.

Vurdering prosjektet

Kort om søknaden


Urdelva kraftverk vil nytte fallet i Urdelva frå inntak på kote 415 til kraftstasjon på kote 15, ei fallhøgde på ca. 400 m. Inntaksdammen får ei høgde på 3 m og lengde på 20 m (figur 2). Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 80 l/s om sommaren og 40 l/s om vinteren. Ei slukeevne på $1,06 \text{ m}^3/\text{s}$ gir effekt på 3,5 MW og ei årleg middelproduksjon på 10,7 GWh. Vassvegen er røyrgate i 2 km delvis nedsprent og delvis forankra i bratt terren. Langs delar av røyrgata må det bli bygd veg. I anleggstida vil røyrtunnelen bli ca. 20 m brei. Kraftstasjonen ligg på dyrka mark 0,5 km nedanfor samløpet mellom Dalselva og Urdelva.



Figur 2. Skisse av Urdelva kraftverk påsett namn og pil for inntak og kraftstasjon, samt namn på Urdelva og Daleelva. Kartet henta frå konsesjonssøknaden

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 25.08.2016. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-8 i figur 3.



Figur 3. Samløpet Urdelva og Dalselva. Foto 1 teke mot straumen, utløpet av Urdelva til venstre. Foto 2 teke frå same stad med straumen mot utløpet av kulpene like nedstraums samløpet mellom Urdelva og Dalselva.



Figur 3. Urdelva på den siste, flate og rolege strekninga før samløpet med Daleelva, foto 3 og 4. Foto 5 og 6 viser dei storsteinete, tronge og bratte tilhøva i Urdelva vidare oppstrøms.



Figur 3. Øvre del av Urdelva mot planlagt sted for vassinntak like nedstraums største fosselandskap.

Biologisk mangfald

Nedslagsfeltet er lite, og omfattar fjell- og skogsområde øst for Øvstedalen. Skogen er i hovudsak bjørkeskog med innslag av rik edellauvskog (hasselskog) i sør vendte hellingar, enkelte bestandar av osp, selje, rogn, nokre almetre og granfelt.

Den prioriterte naturtypen bekkeløft ligg i Urdelva og er vurdert som viktig (B). Lokaliteten innehold rik edellauvskog på nordsida der solinnstrålinga er best. Edellauvskogen har rike kyst-hasselkratt D2c med innslag av høgstauder, røsslyng, blåbær og større innslag av einer. Typiske edellauvskogsartar er spredte. Alm (NT) er registrert fleire stader langs Urdelva. Hasselførekomst er ikkje kontinuitetsprega. Rike hasselkratt er rekna som ein sterkt trua (EN) vegetasjonstype. Det blei ikkje registrert fosserøyksoner i bekkekløfta. I rapporten om biologisk mangfald blir redusert vassføring vurdert til å ha avgrensa verknad på bekkekløft-biotopen.

Edelløvskog og førekommst av dau ved og eldre trær med greinavbrekk og holrom gir grunnlag for ein interessant insekts- og fuglefauna. Landbruksjorda ned mot Dalselva er i Naturbasen registrert som vinterbeite for rådyr med verdi viktig (B). I følgje grunneigar har det i seinare år vore lite rådyr.

Fossekall er registrert. Også påvist haukugle i hasselskogen. Det er hekkelokalitetar for to rovfuglartar, ein sterkt trua (EN), i utkanten av influensområdet. Jerv lever i fjellområde utanfor influensområdet for kraftverket. I tillegg er det potensial for oter (VU), mest i Daleelva og resten av hovudvassdraget.

Fisk og vassdragsøkologi

Dalselva har stor verdi for akvatisk miljø som lokalitet for laks og sjøaure. Det same gjeld i nedre del av Urdelva (foto 3 og 4). Verdien for anadrom fisk knytt til Urdelva avtek vidare oppstraums (foto 5 og 6) der elvevatnet renn i bratte strekningar med grov stein.

Dei fiskeribiologiske granskningane gjer greie for at redusert vannføring, slik det her er omsøkt, vil redusere produksjonstilhøva for anadrom fisk, i alt vesentleg sjøaure. Fagrapporten skriv vidare at «*Redusert vannmengde vil gi redusert leveareal, og negative virkninger som økt sedimentering, begroing og betydelig redusert tilgjengelighet for gytefisk vil være blant de negative faktorene. Vannføringen på den aktuelle strekningen i Dalselva vil reduseres tilsvarende slukeevnen til kraftverket når dette er i drift. Dette vil få betydning for produksjonen av fisk på strekningen, som vil bli noe redusert. Redusjonen i vannføringen kan føre til at stor gytefisk får større problemer med å passere den påvirkede sonen og å ta seg opp til øvre deler av Dalselva. Med mindre det er spesielt tørre forhold på høsten bør fisken normalt klare å ta seg opp til øvre deler av Dalselva i god tid før gyting til tross for tiltaket. Siden vannføringen i Dalselva er større enn i Urdelva vurderes behovet for omløpsventil for å være lite».*

Dersom fiskevandringane i Dalselva blir hindra som følgje av framtidig kraftverk vil dette òg være negativt for biotopen i Urdelva. Summen av reduserte tilhøve for vandring og reduserte vassmengder grip negativt inn i å kunne ha ein biotop som tilfredsstiller krav til anadrom fisk.

Influensområdet i aktuelle sak er ein del av Tressa-systemet som ved fleire høve har gjennomført tiltak som styrker dei anadrome bestandane i området. Elveeigarlaget har vist stor interesse omkring denne type arbeid over lang tid og det er lagt ned mykje økonomi og arbeid. Effektane av ei kraftregulering vil vere eit inngrep i motsett retning.

Landskap /friluftsliv

Landskapet har generelt gode kvalitetar, men er prega av enkelte inngrep. I nedre del av området er det bygd fleire skogsbilvegar og samstundes rydda skog og vegetasjon for etablering bl.a. av jaktbuer, samt planta granfelt. Det går ei stor kraftline gjennom området. Veg setter sitt preg på landskapet lokalt med store skjeringar. Vi er ikkje kjend med spesielle friluftsinteresser i området utover generelt friluftsliv guidet via stiar og traséar (figur 4).



Figur 4. Landskapet på nordsida av Urdelva er veleigna for trim og friluftsliv mot fjellterrenget i området.

INON (inngrepsfrie område)

Tiltaket i Urdelva har marginal påverknad på INON-situasjonen i kommunen og regionen. Det er i første rekke røygata som vil påverke landskapet og opplevinga av vassdragsnaturen.

Forureining

Vi kan ikke sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

I Vann-nett er Urdelva ført opp som vassførekomstar med god økologisk tilstand (GØT). Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga føreset vi at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet).

Konklusjon

I vår vurdering av effektane av Urdelva kraftverk vel vi å rette fokus mot reduserte tilhøve for anadrome laksefisk i nedre del av Urdelva, samt i Dalselva frå utløpet av Urdelva ned mot utløpet av kraftstasjon. Det er nasjonale målsettingar i dag om å styrke tilhøva for sjøauren. Slik planane ligg føre, vil anadrome kvalitetar i denne delen av vassdraget, bli skadelidande.

Vi saknar at konsesjonssøknaden har vurdert alternativ plassering av kraftstasjonen. Slik vi ser det vil ei alternativ lokalisering oppstraums den viktige, anadrome strekninga i Urdelva langt på veg gje løysing på dei tilhøva vi legg til grunn i vår motsegn.